

# Forslag til forskrift om vass- og avløpsgebyr, Samnanger kommune

Dato:

Ikrafttreding:

Heimel:

Kunngjort:

Korttittel: Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Samnanger kommune

## Kapitteloversikt:

Kapittel 1. Generelle reglar (§ 1)

Kapittel 2. Vass- og avløpsgebyr (§§ 2-1 – 2-8 )

Kapittel 3. Øvrige reglar (§§ 3-1 – 3-2)

Kapittel 4. Avsluttande reglar (§§ 4-1 – 4-3)

Kapittel 5. Ikrafttreding (§

---

**Heimel:** Fastsett av Samnanger kommunestyre xx. xxxxxx 2024 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 5 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning § 16-1 andre ledd.

## Kapittel 1. Generelle reglar

Kommunen sine abonnentar betalar gebyr for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av følgjande lover, forskrifter og lokale vedtak og reglement:

1. Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova).
2. Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kap. 16.
3. Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
4. Forskrift xx.xxxx 2024 nr. xxx om vass- og avløpsgebyr, Samnanger kommune (denne forskrifta)
5. Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp, Administrative bestemmelser, utgitt av Kommuneforlaget i 2017. (Vedtatt av Samnanger kommunestyre 26.11.2015)
6. Andre dokument og kjelder:
  - Kommunen sitt handlingsprogram; vass- og avløpsgebyr
  - VA-norm for Samnanger kommune – vedteke 10.06.2021
  - Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, Tekniske bestemmelser, utgitt av Kommuneforlaget i 2017
  - Matrikkelen

### **§ 1-1. Føremål**

Forskrifta gir føringar om utrekning og innbetaling av dei gebyra abonnenten skal betale for vass- og avløpstenester levert av kommunen.

### **§ 1-2. Virkeområde**

Forskrifta gjeld alle kommunen sine abonnentar.

### **§ 1-3. Definisjonar**

*Abonment:*

- a) Eigar/festar av eigedom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer og eventuelt festenummer/seksjonsnummer, som er tilkopla kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles privat stikkleidning.
- b) Festar av eigedom der festeavtalen ikkje er tinglyst.
- c) For festeavtalar med kort festetid (feste til anna enn bustad og fritidsbustad), kan det vera avtalt at andre enn festar skal vera abonnent.

*Abonnementsgebyr (fast del):*

Gebyr til dekking av kommunen sine investeringskostnadar knytt til vass- og avløpstenester.

*Berekna forbruk:*

Forbruk vatn og avløp hos abonnent rekna ut frå bygget sitt bruksareal (BRA).

*Bueining:*

Ei bueining har alle hovudfunksjonar for bustad: stove, kjøkken, soveplass, bad, toalett, eigen inngang og er fysisk skild frå andre einheiter.

*Bruksareal:*

Bruksareal (BRA) er i denne samanheng areal innanfor bygningen sine omsluttande veggar. Ved berekning av bruksareal vert det ikkje gjeve fråtrekk for areal til større piper og kanalar som gitt i NS 3940.

*Forbruksgebyr:*

Gebyr til dekking av kommunen sine driftskostnadar knytt til vass- og avløpstenester, basert på målt eller berekna vassforbruk. Gebyret består av to delar, eitt for vatn og eitt for avløp.

*Fritidsbustad/hytte:*

Fast eigendom regulert/godkjent til fritidsbygg iflg matrikkel.

*Handlingsprogram/økonomiplan:*

Handlingsprogram/økonomiplan og årsbudsjett er den konkrete årlege oppfølging av kommuneplanen, og har et fireårsperspektiv som vert vedteke kvart år i desember månad. Handlingsprogrammet inneheld kommunen sine gjeldande gebyrsatsar for vass- og avløpstenester. Satsane vert justert årleg gjennom vedtak i kommunestyret.

*Matrikkel:*

Offentleg register over fast eigedom, under dette bygningar, bustader/bueiningar og adresser.

*Næringsverksemd:*

Eigendom som vert nytta til ervervsmessig verksemd, og andre eigedommar som ikkje hovudsakeleg vert nytta til bustadføremål.

*Offentleg verksemd:*

Verksemd driven av stat, fylkeskommune eller kommune.

*Stikkledning:*

Privat ledning frå bygning fram til tilkoplingspunkt på kommunal ledning.

*Sommarvatn:*

Midlertidig vassforsyning for bruk i sommarhalvåret.

*Stipulert forbruk (for abonnent med vassmålar)*

Gjennomsnittleg berekning av forbruket.

*Tidsavgrensa tilkopling:*

Bygg, eigedom eller verksemd som er tilkopla vatn og/eller avløp for ein bestemt tidsavgrensa periode.

*Tilkoplingsgebyr:*

Eingongsgebyr for tilkopling til det kommunale vass- og/eller avløpsnett.

*Tilkoplingspunkt:*

Punkt for tilkopling til kommunal eller privat ledning.

*Årsgebyr:*

Summen av abonnementsgebyr og forbruksgebyr for eitt år.

## **Kapittel 2. Vass- og avløpsgebyr**

### **§ 2-1. Gebyrtypar**

Følgjande gebyr gjeld for vass- og avløpstenester:

- a) Tilkoplingsgebyr
- b) Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)
- c) Gebyr for leige av vassmålar
- d) Gebyr for tidsavgrensa tilkopling
- e) Tilleggsgebyr for meirarbeid ved å hente inn manglande målaravlesing

Gebyrsatsane vert årleg vedtekne av kommunestyret og kan ikkje verte klaga på.

## § 2-2. Tilkoplingsgebyr

Tilkoplingsgebyr for vatn og/eller avløp skal verte fakturert i følgjande tilfelle:

- a) pr. bueining for ny eller eksisterande bygning/bustad som tilkoplast offentleg vatn og/eller avløp
- b) pr. fritidsbustad for ny eller eksisterande fritidsbustad som tilkoplast offentleg vatn og/eller avløp
- c) etter bruksareal (BRA) for nytt eller eksisterande næringsbygg som tilkoplast offentleg vatn og/eller avløp
- d) småbåthamner
- e) andre tiltak

Ved kombinasjonsbygg næring/bueining skal det betalast eitt tilkoplingsgebyr pr. bueining og eitt for næring rekna etter areal.

Kommunen kan fastsette ulike satsar for tilkoplingsgebyr. Det skal ikkje betalast tilkoplingsgebyr for tidsavgrensa tilkopling.

## § 2-3. Årsgebyr

Årsgebyret betalast av alle abonnentar, og reknast frå den 1. i månaden etter tilkoplingsdato på ferdigmelding frå røyrleggjar. Dersom eigendommen vert teken i bruk før ferdigmelding frå røyrleggjar ligg føre, reknast årsgebyret frå og med månaden etter at eigendommen er teken i bruk.

## § 2-4. Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyret vert differensiert etter brukarkategori A – E:

- A. Næringsverksemd
- B. Forsamlingshus, grendehus/klubbhus som er eigd av idrettslag eller andre lag/foreiningar og som vert drive på ikkje-kommersielt grunnlag
- C. Bueining
- D. Fritidsbustad
- E. Småbåthamn

Det kan søkjast om fritak for bustad som er riven / brent ned eller har brannskade. Sjå krav om gebyrfritak i § 2-9.

For eigedom med næringsverksemd/-bygg i kombinasjon med bueining, og jordbrukseigedommar i kombinasjon med bueining, reknast abonnementsgebyra separat for den enkelte eininga.

Gebyret sin storleik er avhengig av brukarkategori og kjem fram av kommunen sitt handlingsprogram.

## **§ 2-5. Forbruksgebyr**

Næringseigedommar betalar forbruksgebyr basert på målt vass- og avløpsforbruk. Øvrige abonnentar betalar forbruksgebyr etter målt vassforbruk, eller etter rekning basert på bruksareal (BRA). Gebyret kjem fram av kommunen sitt handlingsprogram.

For alle abonnentar gjeld at avløpsmengde reknast lik vassmengd, med dei unntak som går fram av § 2-8.

Dersom vassmålarstand ikkje vert meldt inn til kommunen innan fastsett frist, vil førre år sitt forbruk verte ført vidare utan at det vert gjort årsoppgjær.

## **§ 2-6. Gebyr for tidsavgrensa tilkopling**

Gebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr) skal betalast etter målt vassforbruk som for næringseigedom.

Tiltakshavar er ansvarleg for å etablere vassmålar etter kommunen si anvising.

## **§ 2-7. Tilleggsgebyr for meirarbeid**

Ved manglande vassmålaravlesing kan kommunen føreta avlesing av målar i eigen regi. Det vert då ilagt eit tilleggsgebyr som vert fastsett i handlingsprogrammet. Gebyret går til dekking av kostnader for meirarbeid ved at kommunen må innhente målaravlesinga.

## **§ 2-8. Avvik i årsgebyret**

Der avløpsmengda frå næringsverksemd, offentlig verksemd eller idrettsforeiningar med egne baneanlegg er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp reknast etter målt eller stipulert avløpsmengde.

Restriksjonar på vassforbruk, kortare avbrot i leveranse av vatn eller mottak av avløp, gjev ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

Ved arbeid på det kommunale vassleidningsnettet der kommunen gir abonnenten melding om uttapping av vatn, kan det verte betalt ulempeerstatning. Abonnenten må lese av vassmålar før og etter tapping, og melde avlesinga til kommunen. Avrekning skjer seinast ved neste årsoppgjær.

## **§ 2-9. Gebyrfritak**

Etter søknad kan kommunen gje fritak for årsgebyret når gebyrpliktig eigendom fysisk vert fråkopla kommunalt leidningsnett i tilkoplingspunktet. Gebyrplikta opphøyrer når søknad om fritak er innvilga og ferdigmelding på fråkopling fra godkjent røyrleggjar ligg føre. Fritaket må gjelde for meir enn 12 månader.

Ved midlertidig bortfall av bueining i samband med riving/brann der vatn og avløp ikkje vert kopla frå i tilkoplingspunktet, fakturerast abonnementsgebyr, men ikkje forbruksgebyr.

## **Kapittel 3. Andre reglar**

### **§ 3-1. Vassmålar**

Næringseigedommar er pålagt vassmålar, og andre eigedommar kan installere vass- og avløpsmålar om dei ønskjer det. Pr. i dag er det ikkje krav om installasjon av vassmålar for samtlege abonnentar som er tilkopa det kommunale vass- og avløpsnett i Samnanger kommune.

Abonnentane skal betala abonnementsgebyr.

Kvar eigendom skal normalt ha éi tilkopling til kommunal vassleidning. Abonnenten sin vassmålar må verte etablert frostsikkert i bygning, ikkje i kum. Eventuelle interne målarar er kommunen uvedkommande. Alt vatn inn på eigdommen skal målast.

Alle kostnadar i samband med installasjon, eventuell skade eller flytting av vassmålar skal dekkast av abonnenten.

Målaren skal installerast og plomberast av godkjent røyrleggar. Alle vassmålarar skal ha tilbakeslagsventil, og monterast etter gjeldande standard som framkjem av kommunen si VA-norm.

Dersom ein målar vert skada, skal abonnenten straks melde dette til kommunen.

Når kommunen pålegg kontroll av målaren, skal kommunen sørge for at vassmålaren blir levert inn for avlesing. Kostnadane skal dekkast av kommunen.

Kommunen skal ha adgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing. Dersom kommunen etter tidlegare varsel må dra ut til abonnenten for å avlese/kontrollere vassmålar, kan abonnenten ileggast eit tilleggsgebyr til dekking av påløpte kostnader, jf. § 2-7.

### **§ 3-2. Tidsavgrensa tilkopling**

Alle tidsavgrensa tilkoplingar skal verte meldt til kommunen gjennom godkjent røyrleggjar/føretak.

Tilkoplingsavtale og gebyr påløper fram til kommunen har godkjent ferdigmelding frå røyrleggjar om fråkopling, og eventuell vassmålar er lest av og levert inn.

Alle kostnadar vedrørande tilkopling og fråkopling skal belastast av eigar/festar av eigdommen.

Verksemd som ikkje er eigar/festar av eigdommen, må inngå særskilt avtale med kommunen om kjøp av vass- og avløpsstenester.

### **§ 3-3. Midlertidig tilkopling**

Løyve til midlertidig tilkopling kan verte trekt tilbake av kommunen. Vassleidning skal då fråkoplast i tilkoplingspunktet og vert fjerna.

### **§ 3-4. Symjebasseng**

Etablering av permanent symjebasseng som er søknadspliktig etter plan- og bygningslova medfører søknadsplikt for tilkopling sanitæranlegg. Tømme- og spylevatn skal koplast til kommunalt avløpsnett. Dersom det er overvassleidning med utslepp til sjø i området skal tømme- og spylevatn frå symjebasseng koplast til overvassleidning.

### **§ 3-5. Sprinklaranlegg/brannvatn**

Installasjon av sprinklaranlegg er søknadspliktig. For å sikre at det er tilstrekkeleg vasskapasitet for sprinklaranlegg/brannvatn til eigendommen, må søknad godkjennast av kommunen før sprinklaranlegget/brannvatnuttak vert etablert.

### **§ 3-6. Pålegg om utbetring**

Kommunen kan gje abonnenten pålegg om å utbetre eige vass- og avløpsanlegg innan ein gitt frist. Arbeidet er søknadspliktig og skal verte utført av godkjent føretak. Dersom pålegget ikkje vert etterkome, kan kommunen ilegge tvangsmulkt etter § 73 i forureiningslova.

### **§ 3-7. Pålegg om utbetring – eksisterande bustader og fritidsbustader**

Reglar om tilknytning til offentleg vassleidning og avløpsleidning går fram av plan- og bygningslova kapittel 27. Bygningar skal som hovudregel knyttast til offentleg vassleidning og avløpsleidning, jf. reglar i plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2. Unntaksreglar for enkelte bygningstypar, mellom anna fritidsbustader, går fram av plan- og bygningslova kapittel 30.

Rådmannen har fullmakt til å gje pålegg om tilkopling av eksisterande bygningar til offentleg vassleidning og/eller avløpsleidning dersom stipulert kostnad for eigar (eksklusiv tilknytingsavgift og eventuelt byggesaksgebyr) ikkje er høgare enn 1 G (grunnbeløp i folketrygda). Tilkopling skal gjerast etter tilvist påkoplingspunkt frå kommunen.

Dersom stipulert kostnad (eksklusiv tilknytingsavgift og eventuelt byggesaksgebyr) for eigar er høgare enn 1 G (grunnbeløp i folketrygda), avgjer formannskapet om det skal påleggjast tilkopling til offentleg vassleidning og/eller avløpsleidning. Formannskapet har i slike saker òg fullmakt til å gje økonomisk tilskot til eigar. Det kan berre gjevast tilskot for dekking av kostnad ut over 1 G (grunnbeløp i folketrygda). Tilskot kan berre gjevast dersom eigar ikkje har moglegheit til å finansiera kostnadene til tilkopling ved hjelp av eigenkapital eller lån.

Som hovudregel kan eigar ikkje påleggjast ein stipulert kostnad på meir enn 1,5 G (eksklusiv tilknytingsavgift og eventuelt byggesaksgebyr) til saman for tilkopling av ein eksisterande bustad eller fritidsbustad til offentleg vassleidning og avløpsleidning.

Frist for tilkopling til offentleg vass- og avløpsnett er eitt år med høve til utsetting i ytterlegare eitt år etter skriftleg søknad med grunngjeving. Vedtaket kan påklagast innan tre veker etter motteke brev med vedtak. Det er Statsforvaltaren som er overinstans og handsamar ein eventuell klage.

## **Kapittel 4. Avsluttande reglar**

### **§ 4-1. Innbetaling av gebyr**

Tilkoplingsgebyr vert fakturert når tilkopling er godkjent.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr vert kravd inn på felles faktura. Abonentar med vassmålar betaler etter forbruk. Tal terminar kjem fram av kommunen sitt handlingsprogram.

Abonentar som har vatn/avløp frå andre kommunar vert gebyrlagt og fakturert etter Samnanger kommune sitt handlingsprogram.

#### **§ 4-2. Innkreving av gebyr**

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigendommen etter lov om pant § 6-1. Gebyra kan verte kravd inn av kommunen etter reglane for innkreving av skatt.

#### **§ 4-3. Vedtaksmynde**

Vedtaksmynde etter denne forskrifta ligg til rådmannen eller den rådmannen delegerer til. Unnateke frå dette er vedtaksmynde etter § 3-7 tredje ledd, som ligg til formannskapet. Formannskapet kan delegera dette myndet til eit arbeidsutval, jf. reglar i Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 5-6 tredje ledd.

#### **§ 4-4. Klage**

Vedtak om tilkopling kan påklagast og sendast til Samnanger kommune. Statsforvaltaren er overinstansen i klagesaker og endeleg vedtak kan ikkje påklagast.

Gebysatsane vert årleg vedtekne av kommunestyret og kan ikkje verte klaga på.

### **Kapittel 5. Ikrafttreding**

#### **§ 5-1. Ikrafttredning**

Forskrifta trer i kraft xx.xx.2024.